

Til kontrollutvalet i Fedje kommune

Isdalstø, 10. november 2023

ENGASJEMENTSBREV – Fedje kommune

1. Innleiing

Vestlandsrevisjon IKS vart i KS sak 069/19 valt til revisor for Fedje kommune frå 01.01.2021. Revisjonen består av rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og annan kontroll som er bestemt i lov eller i medhald av lov og andre uttalar og kontrollhandlingar, og omfattar revisjonen av kommunerekneskapen.

Med utgangspunkt i dei revisjonsbestemmingane som gjeld for kommunar og fylkeskommunar, herunder standardar for god kommunal revisjonsskikk, vil me i dette brevet skildre vår forståing av revisjonsoppdraget, slik at utvalet får ei oppfatning av rollefordeling og kva som kan verte venta av oss.

2. Revisjonen – føremål og innhald

Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og anna kontroll som er bestemt i lov eller i medhald av lov, jf. kommunelova § 24-2. Revisjon av kommunal og fylkeskommunal verksemd skal skje i medhald til god kommunal revisjonsskikk.

Me vil gjennomføre og rapportere resultatane av vår revisjon i medhald til god kommunal revisjonsskikk, som er ein rettsleg standard. Innhaldet i dette omgrepet er normert av kommunelovas bestemmingar om revisjon, tilhøyrande forskrifter og etablerte og anerkjente standardar på området. Som medlem av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) er me underlagt jamlege eksterne kvalitetskontrollar.

Revisor har plikt til løpande å foreta ei vurdering av eigen uavhengigheit. Oppdragsansvarleg revisor skal kvart år gje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kontrollutvalet i samsvar med forskrift om kontrollutval og revisjon § 19.

Leiinga sitt ansvar

I fylgje kommunelova er det kommunedirektøren som er ansvarleg for at kommunen sin interne administrative kontroll og økonomiforvaltninga er ordna på ein tryggande måte og er gjenstand for tryggande kontroll. Det er også kommunedirektøren sitt ansvar å utarbeida og fremje kommunen si årsmelding og legge fram årsrekneskapen i samsvar med reglane i kommunelova, forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar mv. og god kommunal rekneskapskikk.

Kommunen si leiing har også ansvaret for at me som revisor har ubegrensa tilgang til registrerte opplysningar, dokumentasjon og annan informasjon me finn naudsynt for å kunne utføre vårt arbeid,

herunder korrespondanse, kontraktar, protokollar mv. Dette inkluderer også tilgang til systemskildringar og naudsynt rettleiing.

Kommunestyret og kontrollutvalet sitt ansvar

Kommunestyret er kommunen sitt øvste organ, og har det øvste ansvaret for å kontrollere den kommunale forvaltning. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å foreta løpande kontroll med den kommunale forvaltning på sine vegne. Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin rekneskap blir forsvarleg revidert. Vidare skal kontrollutvalet sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd og av selskap kommunen har eigarinteresser i. Kontrollutvalet skal også sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap (eigarskapskontroll).

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak, kommunelova § 23-3.

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring, jf. kommunelova § 23-4.

Kontrollutvalet skal minst éin gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide planar som viser på kva slags områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar. Planane skal bygge på ei risikovurdering av kommunen si verksemd, verksemd i kommunen sine selskap og av kommunen sine eigarskap. Hensikten med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Planane skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen. Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar ut frå plan vedtatt av kommunestyret.

Innanfor forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er det NKRF som er det standardsettande organ. Grunnlaget og bakgrunnen for den einssilde forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll vil vere omtala ved planlegging og rapportering av kvart oppdrag, slik at denne oppgåva ikkje blir omtala ytterlegare i dette brevet. Sjå for øvrig nærare om rapportering under eige avsnitt.

Oppdragsansvarleg revisor blir utpeika av revisjonseininga til kvart oppdrag i forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Rekneskapsrevisjon

Årsrekneskapa og dei aktuelle delane av årsmeldinga

I rekneskapsrevisjonen er vår hovudoppgåve å kontrollere om årsrekneskapa inneheld vesentleg feilinformasjon og å utarbeide ei uavhengig uttale (revisjonsmelding) om at revisor har tryggande sikkerheit for at årsrekneskapa ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon og at den er gitt i samsvar med lov og forskrifter. I tillegg kontrollerer me om den revisjonspliktige si leiing har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysingar.

Me kontrollerer om årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og om opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overens med årsrekneskapen. Vi ser også etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og om vesentlege avvik frå kommunestyret sine premiss for bruken av bevillingane er dekkande omtala i årsmeldinga.

Årsrekneskapen skal iht. Kommunelov § 14-6 vere avlagt av kommunedirektøren innan 22. februar i året etter rekneskapsåret. Årsmeldinga skal leggst fram seinast 31. mars. Kommunedirektøren sitt ansvar omfattar også ansvar for at registrering, dokumentasjon og oppbevaring av rekneskapsopplysningar er innretta på en ordentleg og oversiktleg måte.

Vidare er det vår oppgåve å sjå etter at kommunen har ordna den økonomiske internkontrollen på ein tryggande måte og med forsvarleg kontroll.

Revisjonens utføring og forholdet til intern kontroll

God kommunal revisjonsskikk inneber blant anna at me kontrollerer utvalde delar av materialet som underbyggjer informasjonen i årsrekneskapen, føretek analytiske vurderingar og andre revisjonshandlingar som me etter forholda finn hensiktsmessige.

På grunn av revisjonen si ibuande begrensning, saman med den interne kontrollen sin ibuande begrensning, er det alltid risiko for at ikkje all vesentleg feilinformasjon i rekneskapen blir avdekka, sjølv om revisjonen er planlagt og utført i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, herunder dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Ved vår risikovurdering vurderer me dei interne kontrollane som er relevant for kommunen si utarbeiding av årsrekneskapen med det føremål å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige ut frå gjeldande omstende, men ikkje for å gje uttrykk for effektiviteten av eininga sin interne kontroll. Slike revisjonar eller gjennomgangar vil eventuelt kunne avtalast.

Generelt vil ein effektiv intern kontroll (kommunen sin eigen) redusere risikoen for at misleg framferd og feil vil oppstå utan å bli avdekka, men vil aldri kunne eliminere denne risikoen. Omfanget av vårt revisjonsarbeid vert påverka av kvaliteten på, og effektiviteten av kommunen sin interne kontroll, samt rekneskaps- og rapporteringsrutinar. Me vil rapportere skriftleg om eventuelle vesentlege manglar i den interne kontrollen som me har identifisert under revisjonen, sjå nærare om dette under avsnittet rapportering.

Registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar

Når me konkluderer om registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i revisjonsmeldinga, vil revisjonen vere utført i samsvar med den internasjonale standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon». Denne standarden krev at me etterlever etiske krav, planlegg og gjennomfører vårt arbeid for å oppnå tryggande sikkerheit for at det ikkje er vesentlege formelle manglar knytt til registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar. Slike vurderingar inneber gjennomføring av kontrollhandlingar for å innhente bevis om desse tilhøva. Dei valte kontrollhandlingane er avhengig av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for vesentlege manglar.

Ved vurderinga av leiinga sine plikter med omsyn til registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar, innhentar revisor informasjon om kommunen sine interne rutinar for å vurdere samsvaret med lov, forskrift og god bokføringsskikk, men ikkje for å gje uttrykk for ein mening om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.

Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

I samsvar med kommunelova § 24-9 og god kommunal revisjonsskikk er det vår oppgåve å sjå etter om kommunen si økonomiforvaltning i hovudsak er i samsvar med bestemmingar og vedtak. Denne kontrollen skal gjennomførast med begrensa ressursar og baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering som vert lagt fram for kontrollutvalet. Resultatet av kontrollen blir rapportert i ein skriftleg uttale til kontrollutvalet som blir avgitt seinast 30. juni.

Uttalen blir gitt med moderat sikkerheit og blir avgitt etter RSK 301 «Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltning». Standarden krev at me etterlever etiske krav, planlegg og gjennomfører vårt arbeid for å oppnå moderat sikkerheit i uttala om etterleving på det området som blir valt for kontroll.

Misleg framferd

Revisor bidreg gjennom revisjonen til å førebyggje og avdekke misleg framferd og feil. Dersom revisor avdekker eller på anna måte blir kjent med misleg framferd, skal revisor straks melde frå om det til kontrollutvalet i nummerert brev, dette går fram av kommunelova § 24-7.

Når sakstilhøvet er nærare klarlagt, skal revisor sende nytt brev til kontrollutvalet. Revisor skal sende kopi av brevet til kommunedirektøren.

Andre uttaler enn revisjonsmeldinga som inngår i oppdraget

Me vil avgje følgjande revisoruttaler mv. i samsvar med lov og god kommunal revisjonsskikk:

- Underskrift på kontrolloppstillinga for lønns- og pensjonskostnader (skatteforvaltningsforskriften § 7-2-11 – RF 1022).
- Meirverdiavgift (mva/moms) - krav om kompensasjon (RF-0009)
- Tal på psykisk utviklingshemma
- Tilskot ressurskrevjande tenester
- Evt andre revisjonsuttaler/prosjektrekneskap etter førespurnad frå kommunen

Oppdragsansvarlig rekneskapsrevisor er Janne Eraker.

3. Innsynsrett og teieplikt

Revisor kan krevje ein kvar opplysning, reiegjering eller eitkvart dokument hos kommunen og foreta dei undersøkingar som revisor finn naudsynt for å gjennomføre oppgåvene.

Både oppdragsansvarleg revisor og revisjonsmedarbeidarane har teieplikt etter forvaltningslova §§ 13 til 13e. Dette føl av kommunelova sin § 24-2 femte ledd. Teieplikta gjeld ubegrensa i tid, også etter at oppdraget er avslutta.

Teieplikta er likevel ikkje til hinder for at kontrollutvalet får den informasjon om resultat av revisjonen som er naudsynte.

4. Rapportering og dialog

Engasjementsbrev for revisjonsoppdraget blir utarbeida for kvar valperiode eller oftare dersom det er tilhøve som tilseier det.

Revisjonen utarbeider oppstartsbrev årleg i samband med oppstart av rekneskapsrevisjonen og ved oppstart av det einskilde forvaltningsrevisjonsprosjektet og eigarskapskontrollen. Oppstartbrev blir sendt administrasjonen.

Revisjonen rapporterer forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar til kontrollutvalet i eigne rapportar.

Rekneskapsrevisjonen blir rapportert slik til kontrollutvalet:

1. Presentasjon av revisjonsstrategi på hausten
2. Oppsummering etter interimrevisjon
3. Oppsummering av årets revisjon og revisjonsresultat ved avslutning av revisjonen
4. Revisjonsmelding
5. Evt. nummererte brev (sjå nedanfor)
6. Skriftleg uttale om forenkla etterlevingskontroll

Me legg vekt på å ha ein god dialog med kontrollutvalet.

Nummererte brev

Me kan gjennom rekneskapsrevisjonen finne tilhøve som ikkje blir påpeika i revisjonsmeldinga, men me finn det naudsynt å påpeike i nummerert brev. Slike nummererte brev vil bli sendt til kontrollutvalet med kopi til kommunedirektøren. Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at tilhøve som er påpeika av revisor blir fylgt opp.

I samsvar med kommunelov § 24-7 skal revisor påpeike følgjande tilhøve i nummererte brev:

- a. vesentlege feil som kan føre til at årsrekneskapen ikkje gir riktig informasjon
- b. vesentlege manglar ved registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar
- c. vesentlege manglar ved den økonomiske internkontrollen
- d. manglande eller mangelfull reieigjering i årsmeldinga for vesentlege budsjettavvik
- e. ein kvar misleg framferd
- f. kvifor revisor evt. ikkje har skreve under på oppgåver som kommunen sende til offentlege myndigheiter, og som revisor etter lov eller forskrift skal stadfeste
- g. kvifor revisor seier frå seg revisjonsoppdraget.

Revisor skal årleg gje ein skriftleg oppsummering til kontrollutvalet om tilhøve som er teke opp i nummererte brev, men som ikkje er retta opp eller som ikkje er tilstrekkeleg fylgt opp.

Brev eller tilbakemelding med påpeiking om mindre vesentlege feil eller manglar vil bli sendt direkte til administrasjonen.

Uttaler frå kommunen si leiing

I samband med årsavslutninga vil me i samsvar med god kommunal revisjonsskikk innhente ei skriftleg uttale frå leiinga om fullstendigheita og riktigheita av dei opplysningar som blir gitt i årsrekeskapen. På same måte er me pålagt å innhente skriftlege uttaler frå leiinga om kjennskap til eller mistanke om misleg framferd mv. Desse uttalene vil bli innhenta frå administrasjonen.

I samband med avslutninga av forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga innhentar revisor ei skriftleg uttale frå leiinga for den aktuelle kontrollen.

5. Personvern

For å gjennomføre revisjonen og andre oppdrag under dette engasjementsbrevet, vil me handsame personopplysningar slik det er omtala i vår personvernerklæring. Personvernerklæringa er tilgjengeleg på vår nettside. Me er handsamingsansvarlege etter personvernreglane for dei personopplysningane me handterer i samband med oppdraget og me inngår derfor ikkje ei datahandsamaravtale.

6. Andre tenester

Vår organisasjon har medarbeidarar med betydeleg kompetanse og praksis innanfor mange fagområde. Dette gjer oss i stand til å yte kompetent rettleiing til dykk, og som medlem av NKRF kan vi også trekke på kompetansen i eit stort nasjonalt fagmiljø. Me bistår gjerne med rettleiing innanfor intern kontroll, meirverdiavgift, rekneskapsføring, budsjett, lov og forskrifter osv., så langt det lar seg gjere innafor vår oppgåve som revisor.

Me håper innhaldet i dette brevet samsvarer med kontrollutvalets forståing av revisor si rolle og ansvarsområde, og me ser fram til eit vidare godt og konstruktivt samarbeid. Dersom noko er uklart eller utvalet har spørsmål, er det berre å ta kontakt.

Med helsing

Vestlandsrevisjon IKS

Janne Eraker
Statsautorisert revisor

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Janne Eraker

Revisjonssjef/Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5995-4-105767

IP: 85.200.xxx.xxx

2023-11-10 13:58:23 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>